

**ÅRSMELDING  
FOR  
ØRSKOG HISTORIELAG  
ÅR: 2017**



**Fotograf: Steinkopf Wold, Stavanger**

**Datering: 1902 - 1911**

**Motiv: Sjøholt Hotell**

**Utgivar: Steinkopf Wold**

**Eigar: Ole Øystein Nybø**

## BYGDEVANDRING LANDE 22. AUGUST 2017



**Vått og surt, men godt med folk då Magnhild Schmidiger losa oss rundt på Lande**



**VÍ FEKK OGSÅ SJÅ INNOM EIT IMPONERANDE MUSEUM SOM FAMILIEN SCHMIDIGER HAR FÅTT TIL I KJELLAREN PÅ JOGARDEN HER EIT LITE GLIMT!**



# ÅRSMELDING

## ØRSKOG HISTORIELAG

### ÅR: 2017

ØRSKOG HISTORIELAG vart stifta i 1985. Dato for skipingsmøtet var 16. april 1985.

#### **§1 i laget sine lover lyder:**

*Ørskog Historielag har til føremål å ta vare på kunnskapen om fortida til dei bygdene som ligg i Ørskog kommune, og arbeide for at folk kan få del i denne kunnskapen.*

*Dette kan gjerast ved:*

*a. å samle inn folkeminne og anna tradisjonstilfang.*

*c. å spreie desse opplysningane ved å gje ut bøker og tidsskrift, eller halde kurs og foredrag.*

**ÅRSMØTET** i Ørskog Historielag vart halde på Kyrkjetoget 1. mars 2017.

18 personar var til stades. Ulike formalitetar knytta til årsmøtet vart vedteke.

Årsmeldinga for 2016 og rekneskapen for 2016 vart godkjende.

Budsjett for 2017 vart vedteke. Vala vart gjort i samsvar med framlegg frå valnemnda/årsmøtet. Nokre få namn mangla. Styret fekk fullmakt til å få på plass leiar for Postvegneemnd. Valnemnd var: Karin Årdal, Asgeir Kvernberg og Turid Valbø Haddal.

Arbeidsoppgåver for år 2017 vart drøfta, og ulike prosjekt vart prioriterte.

Årspengane for år 2018 vart ikkje endra og er då 325 kr. Kaffi/te og kake undervegs i møtet.

Etter vala på årsmøtet og seinare konstituering, har styret vore samansett slik:

#### **Styret:**

- Ragnar Bakken	leiar
- Valborg Haugen	nestleiar
- Arne Jan Sollied	skrivar
- Per S. Vestre	kasserar
- Grethe Leikny Gjerde	styremedlem
- Leif Røren	1.vamedlem
- Magni Lande	2.vamedlem
- Jarle Viset	3.vamedlem

#### **Nemnder/utval knytta til arbeidet i laget:**

- Teknisk utval: 5 medlemmer – leiar Jan Petter Aasen.

- Skriftnemnda: 6 medlemmer – leiar Bjørn Steinar Skarbø

- Paktarhusnemnda: 5 medlemmer – leiar Ove Eide.
- Fotoregrering: 5 medlemmer – leiar Ole Øystein Nybø.
- Postveg nemnda: 5 medlemmer – leiar Ivar Holmeide.
- Kalenderkomite for 2018: Eli Catrine Kjersem - Siv Krokfoss. Vara: Tore P. Gjære
- Revisorar: Kolbjørn Gjære – Mons-Olav Walgermo.
- Valnemnd for 2017: Karin Årdal (kallar saman) – Jarle Erstad – Jan Lande

## STYRET.

Styret har i meldingsåret (frå årsmøte til årsmøte) hatt seks (seks i 2016) møte:

14. mars – 26. april – 15. august – 27. september – 29. november – 24. januar.

Styret har handsama 67 (75 i 2016) protokollerte saker.

Medlemstalet i 2017: 276 (248 i 2016) inkl. tre verksemder – jf. årboka for 2017.

Medlemsverving rett før jul 2017 ga 29 nye medlemmer!

Medlemstal 31.12.17: ca. 305.

På sammøte mellom styret og nemnder/utval 14. mars 2017 vart arbeidsoppgåver/årsplan og prioriteringar drøfta og vedtekne. 13 personar var til stades på dette møtet.

**Frå styreprotokollen** tek vi med dei fleste av sakene som har vore til handsaming:

- ✓ Konstituering av styret for 2017.
- ✓ Kveldsetene – tema – fordeling av oppgåver – gjennomføring.
- ✓ Driftsavtale vedk. vedlikehald av Postvegen. Statens vegvesen står att. Fleire møte.
- ✓ Fellesmøte med nemnder/utval – førebuing - arbeidsoppgåver – prioritering oppgåver.
- ✓ Kraftverket i Ørskogfossen. Drøftingar om overtaking. Vedlikehald.
- ✓ Ørskogdagane – førebuing av deltaking – eigen stand 10. juni 2017. Evaluering.
- ✓ Ørskogkalenderen – samarbeid med Ørskog Rotary. Kalender for 2018.
- ✓ Paktarhuset – vedlikehaldsarbeid – rydding – arkivering - økonomi (tilskot) m.m.
- ✓ Bygdevandring – Lande – 20. august 2017.
- ✓ Medlemsverving – jf. Ørskogdagen.+ v/stand rett før jul. Auka medlemstal!
- ✓ Postvegen. Orienteringar – planlegging siste etappe. Vedlikehald
- ✓ Nemndleiarar deltaking på styremøta.
- ✓ Opptrykk av årsskrift, hefte – supplering.
- ✓ Besøk frå Statens Vegmuseum jf. Postvegen
- ✓ Kveldsete Tresfjord museum
- ✓ Sjøholt sentrum møte med Runa Klock (20. februar)
- ✓ Prisar årbøker, hefte m.m.
- ✓ Rutinar ved søknader – utbetalingar og liknande.
- ✓ CD-orginalar – lagring – utlån
- ✓ Postveg marsjen 2017 – ikkje arrangert i 2017.
- ✓ Økonomirapportar.
- ✓ Årbok og namnebok 2017.
- ✓ Førjulssal av årboka – medlemsverving m.m.
- ✓ Kulturminneplan – eiga nemnd/kontakt med kommunen. Kommunal plan på gang.
- ✓ Årsmøte 2018 – førebuing.
- ✓ Årbok og kalender – rutinar ved utsending.
- ✓ Bygdevandring 2017 – planlegging - gjennomføring.
- ✓ Kveldsetene 2018 – planlegging.
- ✓ Gåve frå Ørskog Sparebank og Ørskog kommune. Jf. rekneskap 2017.
- ✓ Gåver – laget får jamt tilbod om å ta vare på gjenstandar m.m. Registreringsarbeid.
- ✓ Arbeidet i nemndene – rapportar – sammøte.
- ✓ Ei rekkje skriv og meldingar og førespurnader.



- ✓ En del av sakene ovanfor har gått igjen på fleire møte.
- ✓ **Orienteringar og drøftingar i styret om arbeidet i nemndene – der vi tek med:**
- ✓ Årbok for 2017 og 2018 + inkl. namnebok for Ørskog.
- ✓ Fotoregistreringsarbeidet – registrering av gamle bilete.
- ✓ Arkivering- og registreringsarbeidet.
- ✓ Postvegen – jf. eiga nemnd. Vedlikehald.
- ✓ Paktarhuset - ymse arbeid. Lekkasje taket. Besøk frå kulturavdelinga på Molde.
- ✓ Oppgåver for/frå teknisk utval.

## Kveldseter/bygdevandring.

Styret har hatt hovudansvaret for desse:

I meldingsåret (mars – mars) har kveldsetene vore avvikla med desse **7 emna +**

**bygdevandring:** Tal frammøtte i ( ):

- 5. april 2017: Besøk steinsamlinga til Hallvard Eide på Lande (32). Hallvard Eide
- 3. mai 2017: Ørskogfossen kraftverk (i kraftverksbygningen) (26). Odd Saure.
- 20. aug. 2017: Bygdevandring Lande + besøk museum Jogarden. (63).M. Schmidiger
- 6. sept. 2017: Tresfjord Museum besøk/omvising. (13). Tresfjord Museum sine folk.
- 4. okt. 2016: Kyrkjer, prestar og prestegard Ørskog. (33) Tore Gjære.
- 1. nov. 2017: Gamlebanken på Steinholt. (21). Ivar Holmeide.
- 6. des. 2017: Årbok 2017 (22). Skriftnemnda. Bjørn S. Skarbø – Ragnar Bakken m.fl.
- 7. feb. 2018: Sykkeltur i Sunndalsfjella sept. 2017 (29). Jon Slyngstad.

Samla frammøtte: 176 på kveldsetene og 63 på bygdevandringa

Det er så langt planlagt seks kveldseter vidare i 2018. Bygdevandring i august 2018 vert lagt til Lande. Det vi ikkje rakk over i 2017. Årsmøte 7. mars 2018.

20. februar 2018 arrangerte laget ope møte om sentrumsutviklinga Sjøholt v/Runa Klock. 22 frammøtte. Samlingane har vore på Kyrkjjetorget eller på stader utanfor – jf. tema.

Samla oversyn over alle kveldsetene sidan 1998 - også planlagde kveldseter og bygdevandringar - finn vi på laget si heimeside: [www.orskog.historielag.org](http://www.orskog.historielag.org)



**FRÅ STEINSAMLINGA TIL HALLVARD EIDE – TROLL!**



## **Paktarhusnemnda.**

- ✓ Medlemmer: **Ove Eide** (leiar) - Leidulv Reite – Kåre Myren – Turid Valbø Haddal – Magnhild Schmidiger.
- ✓ Aktivitets-museumsnemnda og husstyret vart slegne saman på årsmøtet i 2014. Dette har vist seg å fungere godt. Resultat Paktarhusnemnda.

Leiar for nemnda har levert denne rapporten:

### **Aktivitatar i 2017:**

- Arbeid på Paktarhuset: Inngangsdøra, samt vindauge, dører og gangtak i 2. høgda innvendig er blitt måla. I tillegg er arbeidet med badet kome eit stykke vidare. Arbeidet er gjort delvis på dugnad, delvis med innleigd hjelp.

Det omfattande kommunale gravearbeidet på austsida av huset, vart ferdigstilt, parkeringsplassen vart stelt til og det vart halde synfaring med kommunen.

-Vi har hatt fleire møte og synfaringar med representant frå fylkeskonservatoren om tilskot til tidlegare arbeid og til komande reparasjon av tak.

- Hekken langs vegen har blitt stelt, og det har blitt gjort diverse ryddearbeid på tomta.

-Det har blitt gjort førefallande arbeid med arkiv, bibliotek og museum.

Mellom anna er no maskinar og utstyr frå Ole Lid sin skomakarverkstad samla i 2. høgda.

-Også dette året har vi fått gåver frå bygdefolk til gjenstandsamlinga. Gåvene er henta og registrert. Takk til alle for fine tilskot til laget sine samlingar.

10. juni var nemnda med på å arrangere standen til laget under Ørskogdagen, ved sidan av

teknisk utval sin demonstrasjon av lokomobilen. Vi selde nye og gamle publikasjonar, noterte nye medlemmer m.m.

Den årlege Postveg marsjen som vi normalt er delaktige i, måtte avlysast i år, av grunnar som historielaget ikkje hadde ansvar for.

Vi har hatt eitt fellesmøte i nemnda, samt fleire uformelle treff eller møte der diverse jobbar vart utført

Ove

## **Skriftnemnda.**

Medlemmer: **Bjørn Steinar Skarbø** (leiar) – Øyvind Danielsen – Olav Jan Bårdsgjerde - May-Sissel Osvik – Karin Årdal – Odd Saure.

Skriftnemnda har levert denne rapporten for 2017:

### **Årsmelding frå Skriftnemnda 2017:**

Skriftnemnda har også i år vore supplert med medlemmer i Namnenemnda i Ørskog, Tore Gjære og Ragnar Bakken, i samband med arbeidet med namnebok-delen av årboka. Ei spesiell takk til dei for stor innsats i dette arbeidet.

Skriftstyret har hatt rundt sju-åtte møte. Møtestaden har vore Gamlebanken eller Skarbø skule. Namnenemnda har hatt fire møte knytt til arbeidet med namnebok-delen.

Namnebok-delen var også i år eit utvida opptrykk av namnematerialet som er utarbeidd av Namnenemnda i Ørskog. I år områdenamn, namn på vegskifte og namn på busstopp.

I tillegg kom ein artikkel ført i pennen av Ragnar Bakken om arbeidet med namnsetting i Ørskog. Dette vart samla i fyrste del av boka.

Til denne delen fekk vi hand om flyfoto som Jens Viset tok i 1964 i samband med illustrasjon av bygdebøkene «Ørskog gjennom tidene». I årboka trykte vi desse saman med tilsvarande dronfoto frå 2017 slik at ein kunne sjå den enorme utviklinga som har vore på desse 53 åra.


Ei særskild takk til Hallvard Eide som tok desse dronfotoa.

Etter namneboka kom så det tradisjonelle historiestoffet. Også i år har det vore stor velvilje og stor skriveaktivitet hos mange som har kome årsskriftet til Ørskog Historielag til gode. Det har vore i hovudsak stor velvilje hos dei vi har spurt om å bidra. Og det er dei som tilbyr stoff (nesten) på eige initiativ. Det er vi spesielt glad for.

Annonsane til årsskriftet gjekk det også i år greitt å få inn, og vi er svært takksame for at næringslivet i Ørskog støttar årsskriftet på denne måten.

Hovudsaka i år var artikkelen til Tore Gjære med samling av reiseskildringar frå reisande som passerte Ørskog på 1800-talet. Her finn vi spesielt grunn til å nemne det fabelaktige arbeidet som er gjort med å gjenfortelje skildringane i lett tilgjengeleg språkdrakt.

Vi er elles særdeles glad for Ole Øystein Nybø sine bidrag i form av bilete med tekst frå fotosamlinga som Historielaget medverkar til. I år var ønsket 25 bilete med tekst, og dei kom til nemnda i god tid slik dei brukar. Ei spesiell takk til Ole Øystein for kjempegodt bidrag. Tilbakemeldingane kring desse bileta er svært positive.



### *Forside årbok 2017*

#### **Innholdsliste Årbok 2017**

- Namnebok for Ørskog, Del 2
- På reise gjennom Ørskog av Tore Gjære
- Frå mink til aure og laks på Apalset av Øyvin Danielsen
- Sverre Ness, tusenkunstnaren frå Vaksvik av Vigdis Aam
- «Historiens kraftlinjer» av Arne Ruset
- Jordbær dyrking i Steinane av Karin Årdal og Sigmund Stene
- Daglegvarebutikken på Amdam av Bjørn Steinar Skarbø
- Fem kulturminne i Ørskog av Ove Eide
- Restaurering av høyløa på Langskipsøya av Asgeir Kvernberg
- Ørskogprisen 2017 av Bjørn Steinar Skarbø
- Gammal handverkarvise av Tore Gjære
- Verksemder i Ørskog 1953 ved Bjørn Steinar Skarbø
- Perler frå fotoarkivet av Ole Øystein Nybø
- Hendingar i Ørskog 2017 av Bjørn Steinar Skarbø
- Årsmelding for Ørskog Historielag 2016 av Ragnar Bakken
- Medlemmer i Ørskog Historielag

Skriftnemnda har også i år samarbeidd med «Språksmia» i Valldal om montasje og trykking. Vi er svært nøgd med særdeles god utforming på boka og god trykkekvalitet. Prisen er også fordelaktig.

Presseomtale av årsskriftet har vi fått i Sunnmørsposten, Bygdebladet og Nytt i Uka. I all hovudsak er det svært positive omtalar.

Vi er glade for at årsskriftet vert lagt merke til og godt motteke mellom laget sine medlemmer og andre som kvart år sikrar seg eit eksemplar.



Skriftnemnda vil til slutt rette ein varm takk til alle som har bidrege til årboka. Særleg forfattarar og annonsørar. Dykkar innsats er heilt avgjerande for at vi klarer å gje ut denne boka kvart år.

Ørskog 25. februar 2018

Karin Årdal, Odd Saure, May Sissel R. Osvik, Øyvind Danielsen, Olav Jan Bårdsgjerde og Bjørn Steinar Skarbø

## **Teknisk utval.**

Medlemmer: **Jan Petter Aasen** (leiar) – Svein Barlindhaug - Steinar Leganger – Børre Tennfjord – Terje Haaheim.

Vi tek med rapportering frå nemnda om arbeidet dette året:

### **MELDING FRÅ TEKNISK UTVAL FOR 2017:**

Glimt frå 2017:

- 10. juni 2017 deltok historielaget under Ørskogdagane med start av Lokomobilen som den store “attraksjonen”. Dette har vorte årvisst – med godt besøk! Dette skjedde utanfor Hanshuset. Det var stor interesse for maskinen, bruksmåte og ikkje minst kva bruksområde lokomobilen hadde.
- Det har vore gjennomført skogrydding rundt kraftverkhuset i Ørskogelva. Ein har ført samtalar med representantar frå Ørskog Energi AS. Endeleg styrevedtak i selskapet står att før bygget er Historielaget sin eigedom. Ei kveldsete vart lagt til bygget – der Odd Saure orienterte. Ørskog Energi A/S har kosta renovering av huset utvendig, slik at det no står fram velstelt. Arbeidet vart utført av firmaet Løvhammer A/S.
- Det har vorte rydda skog rundt kvernhuset for å skape eit meir tiltalende område. Dette vart utført i forkant av 17. mai.
- Ein har gått over aktuelle gjeremål og utført nødvendig arbeid knytta til smia og malmbana.

Når det gjeld oppgåver framover viser vi til oppsett seinare i årsmeldinga. Takk til medlemmene for innsatsen i 2017.

## **Fotoregistreringsgruppa.**

Laget har ei eiga gruppe som arbeider med registrering av gamle foto frå Ørskog.

**Ole Øystein Nybø** har vore leiar i gruppa også siste året. Dei andre medlemmene i gruppa har vore: Gunnveig Skilbrei, Tore P. Gjære, Pål Viset og Terje Misund. All registrering av opplysningar til avfotograferte bilete vert no gjort direkte på Internett.

### **Fotoregistrering 2017 – notat ved Ole Øystein Nybø:**

Fotoregistreringsnemnda har hatt eit svært aktivt år i 2017, og mengda bilde som er registrert har auka med over 450 dette året. Vi er stor takk skuldig dei som har lete oss få låne fotosamlingane sine for avfotografering. Det vere seg frå album, konvoluttar, skoøskjer eller kva det nå skal vere dei er samla i. Vi finn alltid eit eller fleire objekt som er av allmenn interesse og verneverdige. Takk også for hjelpa vi får med å identifisere personar og

hendingar. Desse bilde er med å bevare Ørskog si historie på ein framifrå og lettfattelig måte.

Størrelsen på utvala vi gjer frå dei enkelte samlingane kan variere frå nokre få til ganske mange. Og det som gjer at talet har vakse monalig i år er nettopp eit par slike store samlinga. Her må nemnast samlinga til mangeårig bussjåfør i Ørskog Auto, Ingard Refsnes der vi valde ut nesten 200 bilde. Mange av dei er tekne av far til Ingard, Gunder Refsnes, som og var tilsett i Ørskog Autotransport A/L, og det alt frå 1927. Mange av bilde er relatert til busselskapet og bilparken, og gjennom samlinga kan vi dokumentere mykje av saga til selskapet.

Og ikkje minst må vi sende ei spesielt takke fotograf og sambygding, Jens Viset, for at han ga til historielagt alle bilde han hadde teke i anledning bygdebøkene som vart gitt ut på 1960-talet. Ei fantastisk bildesamling, også flyfoto, frå heile kommunen. Ei samling vi enda ikkje har rekke å registrere alle bilde frå, og som laget vil få masse glede av i åra framover. Ikkje berre til illustrasjon i laget sine årbøker, men og til almen glede ved å studere dei.

For ei tid sidan skifta Fylkesfotoarkivet database og samtidig endra adresse. Den nye er: <http://foto.fylkesarkivet.no>



På biletet ser vi Inga Skarbø og Kanutte Skarbø som er i ferd med å ta flaken av fiskeladet, som er beskytta med presenning. Midt inne i dungen med tørka fisk sit Ingrid Skarbø Ørskog, 4 år. Vidare kan ein nemne at biletet er teke av ein finsk turist som budde på Søholt Hotel. (Lokal registrering: W ...

Fisketørking, kvinner, jente, tettstad,  
Ørskog, "Måsøyra" | 1934 - 1934

## **Digitaliseringa av kyrkjebøkene – Arbeidet avslutta/ferdig i 2016:**

Etter mykje arbeid og stor innsats kom vi i mål (2016) med arbeidet som starta på i 2002 med å digitalisere kyrkjebøkene for Ørskog prestegjeld. Alle dei 11 eldste bøkene som til no er offentleg tilgjengelige er avskrivne, korrekturlest og innsendt til Digitalarkivet via ein koordinator for kyrkjebokregistreringa i Møre og Romsdal i foreininga Slekt og Data.

## **Postveg nemnda - «Den Trondhjemske Postvei».**

**Eiga nemnd: Ivar Holmeide (leiar),** Elling Ødegård, Kristian Tøsse, Rolf Hatlen og Odd Asbjørn Nybø.

Nemnda v/leiar har levert denne rapporten:

### **ÅRSMELDING 2017 POSTVEGNEMNDA:**

På årsmøtet i mars 2017 vart det ikkje vald leiar i nemnda, då ingen av medlemmene i nemnda var villige til å ta på seg vervet.

Underteikna tok på seg vervet som leiar i nemnda frå mai 2017, og har teke del på styremøte og på fellesmøte med andre samarbeidspartar gjennom året.

Det har ikkje vore halde fellesdugnader i løpet av 2017 på postvegen, men underteikna sørga våren 2017 for å få fjerna to større graner som sperra postvegen mellom Russebøen og Amdam. Dette arbeidet vart utført før Stikk-UT sesongen 2017 starta.

Leiar i laget har saman med underteikna hatt fellesmøte med kommunen, Friluftsrådet for Sunnmøre og Statens Vegvesen for å få på plass ein driftsavtale for postvegen. Dette fellesmøtet vart halde på Ørskog rådhus den 22.8.2017. Friluftsrådet skulle i løpet av sommaren og seinast på hausten i 2017 sørge for å slå graset på Postvegen, spesielt på strekninga Gjære –Stortrøna, men også andre plassar der det var behov. Dette vart ikkje utført av Friluftsrådet til tross for fleire førespurnader og vidare lovnader frå dei om å utføre arbeidet. Det vart i same møte vedteke ikkje å legge opp til Postveg marsj frå Amdam til Sjøholt, grunna sviktande oppslutning og at Friluftsrådet ikkje kunne delta.

Den 23. mai 2017 var leiar i Historielaget og Leif Røren på synfaring saman med kommunen, Friluftsrådet, Fylkesmannen og Statens Vegvesen på den siste parsellen av Postvegen i Ørskog frå Haugsetra til Vestnes kommune. Det er i dag enno ikkje starta noko arbeid på denne delen, då store delar av vegen no ligg i eit våtmarksområde som er verna. Her er det då ein konflikt mellom verneverdien av Postvegen og vern av våtmyrområdet, og det er klart frå Fylkesmannen og Departementet si side at verneverdien er størst for våtmyrområdet/ Måslia naturreservat.

Leiar i Postveg nemnda har saman med leiar i Historielaget hatt synfaring av Postvegen frå Stortrøna til Gjære samt sett på noko arbeid som var mangelfullt utført på Postvegen ved Russebøen. Dette ville leiar i Historielaget ta opp med entreprenør som utførte arbeidet i 2016. Elles har det også vore synfaring på vegen frå Gjære til Tverrelva saman med Tore Gjære og leiar i hovudlaget. for å sjå på grensene mellom dei ulike grunneigarane på strekninga.

Postveg nemnda vil i løpet av 2018 satse på å rydde kratt langs vegen på strekninga frå Lindset til Russebøen og vidare frå Gjære til Stortrøna, slik at desse to parsellane blir trivelege å nytte til turgåing for alle.

Det er ikkje lagt nokon detaljert plan endå for vidare framdrift av arbeidet på strekninga frå Haugsætra til Vestnes grense.

Sjøholt, 19. februar 2018

Ivar Holmeide/ leiar Postvegneemnda



**Statens Vegmuseum/Statens vegvesen på synfaring på Postvegen  
Ørskogfjellet – Landedalen 2017.**

**Postvegen – eit flott kulturminne – ein fin turveg.**

***Turveg frå Russebøen:** Denne delen av Postvegen startar på Russebøen og tek av frå skogsvegen som fører til Hestvika. Du tek av til venstre ved Sjøholt Camping, opp ei til dels bratt stigning på det som var ein kjerreveg. Ørskog kommune, skuleelevar, lag og organisasjonar har siste åra kvista og opparbeidd vegen til om lag den standard han ein gong hadde. Underlaget er delvis grasdekt og bakkane opp til toppen er eit godt middel til å få opp pulsen.*

***Kulturminne:** Postvegen gjennom Ørskog, er ein bit av den gamle postruta mellom Bergen og Trondheim og vart bygd rundt 1780. Vegen startar i fjøra på Amdam. Dit kom posten sjøvegen frå Stranda. Så går vegen over markane på Amdam og Nedrevoll, til han går over høgdedraget Kleivane (høgste punktet på turvegen), mot Sjøholt. Der går han forbi prestegarden og vidare opp Landedalen til Vestnesgrensa på Ørskogfjellet. Også delar av denne strekninga er opparbeidd i seinare tid.*



## POSTVEGMARSJEN

**Postvegmarsjen** vart arrangert for 14. gong 11. september 2016. I 2017 vart det av ymse grunnar ikkje arrangert Postvegmarsj.

Dette har vore eit samarbeidsprosjekt mellom Ørskog I.L., Ørskog kommune, Friluftsrådet og vårt eige lag. Det er ikkje teke noko endeleg avgjerd om framtida for dette arrangementet.

## NETTSIDE

**Nettsider Ørskog historielag:** Laget har i fleire år hatt eigne nettsider. Laget vil også i denne årsmeldinga rette ei stor takk til Tore P. Gjære.

Sidene gjev mykje god informasjon om laget: Adresse: [www.orskog.historielag.org](http://www.orskog.historielag.org)

Innhald: Framside – Aktivitetar – Om laget – Publikasjonar – Restaureringar – Andre oppgåver – Årsmelding – Gamle bilde – Kunngjeringar – Medlemsnytt – Gamle Sjøholt.

## Olav Oksvik – stiftinga.

Dette er ei stifting som skal ta seg av gjenstandar, dokument m.m. etter Olav Oksvik.

Målsetjinga er å få på plass ei samling i Ørskog. I 2012 -14 vart gjenstandar og dokument henta og mellombels lagra lokalt. Noko står att å hente. Registreringsarbeide er utført.

Det vert arbeidd med å finne ei permanent plassering av samlinga. Stiftinga arrangerte

«Oksvikseminar» på Ørskog samfunnshus i februar 2018. **Samferdselspolitikk knytta til**

**Møreaksen- Romsdalsaksen K2/K3** stod på dagsorden i år. Dette vart eit vellukka

arrangement. Frank Aarebrot var tinga til konferanse i november 2017. Aarebrot døydde noko tidlegare i 2017. Det er nedfelt i stiftinga sine vedtekter at eit seminar skal finne stad kvart år.

**Frå Ørskog Historielag er desse valde som medlemmer: Siv Krokfoss, Ola Gram og Mons-Olav Walgermo. Brynje Vethe, Åse P. Gjerde og Ragnar Bakken er personlege varafolk.**

**Frå kommunen er valde: Arild Aanes - leiar - og Karl Johan Vaksvik.**

## Ørskogkalenderen.

Ørskog Historielag og Ørskog Rotary har i ei rekkje år gitt ut Ørskogkalenderen.

For 2014 vart det ikkje laga kalender. I løpet av 2014 vart det klart at ØH og ØR på nytt gjekk inn i samarbeid om å få laga ein kalender for 2015. Økonomien vart sikra gjennom støtte frå

lokale verksemder – mot reklame i kalenderen. Slik var ordninga også i 2016 og samarbeidet

held fram og ny kalender for 2017 var ferdig i god tid før jul. Samarbeidet ga også resultat

for 2018. Alle husstandar har fått kalenderen for 2018. Han er dessutan til sals. Vi vonar at vi i

åra som ligg framføre, kan halde fram med kalender der gode Ørskogbilete vert presenterte.

Frå Ørskog Historielag tok desse del i arbeidet: **Eli Cathrine Kjersem og Siv Krokfoss** med varamedlem Tore Gjære. Takk også til velvillige sponsorar.

# Ørskogkalenderen 2018



Prestefjora ein vinterdag i 2016.

## PRESTEFJØRA EIN VINTERDAG I 2016

### Rekneskap for året 2017:

Det vert vist til eige oppsett og eiga sak på årsmøtet 7. mars 2018. Kasserar har vore Per S. Vestre. Rekneskapen er ført av Økonomiservice A/S.

### ØRSKOG HISTORIELAG – ØRSKOG KOMMUNE.

Vi er ofte avhengig av at ØH og Ørskog kommune har eit tett og positivt samarbeid. Det gjeld i mange saker og som bør vere av felles interesse. Dette samarbeidet kan seiast å vere i hovudsak godt. I mange samanhengar blir vi møtt med positive utsegn både frå administrasjon og politisk hald. Ved fleire høve har styret vore innom tilhøvet til kommunen – i heilt konkrete saker. Vi tek her med nokre døme på slike saker/område – med både ros og litt ris:

- ØH saknar ei meir aktiv haldning og positive tilbakemeldingar knytta til dei oppgåver og prosjekt vi arbeider med. ØH ønskjer såleis ei høgare prioritering av kultursaker og spørsmål frå kommunen si side.
- ØH ser det ønskjeleg med ei vesentleg styrking av administrasjonen og prioritering i ØK knytta til kultursaker. ØH ser fram til at dette kjem på plass.
- ØH saknar ein kulturplan – og så langt også ein kulturminneplan. Arbeidet med ein kulturminneplan er no kome i gang frå kommunen si side. Samarbeid med ØH i denne saka er viktig i planarbeidet. Dette er på plass.
- ØH er glad for at vi no etter fleire års arbeid har fått på plass ein avtale om vedlikehald/drift av Postvegen. ØH er glad for støtte til Postvegen i 2016/17 – mindre tilfreds med nei til søknaden for 2018 – jf. budsjett utan nye løyvingar til strekninga Haugsætra – Vestnes grense.

Det er ikkje alltid at kronetalet er avgjerande. Haldningane og prioriteringane bak vert alltid lagt merke til. Frivillige lag og organisasjonar er avhengige av kommunen – like avhengig er kommunen den andre vegen. Samarbeid og positive handlingar og vedtak vil gjere at oppgåver – også innan kultursaker – vert best mogeleg løyste – til glede for alle i kommunen.

## Framover – oppgaver for 2018 og åra deretter.

Styret har som målsetjing - snarast etter årsmøtet 7. mars 2018 – å halde eit møte saman med nyvalde nemnder og utval for å setje opp arbeidsprogram/årsplan for året 2018.

Pågåande oppgaver og drøftingar på årsmøtet vil leggje føringar for komande årsplan.

**Vi tek her med viktige prosjekt – til drøfting på årsmøtet og vidare handsaming på sammøte mellom styret og nemndene. Vi vil ta steg vidare også i 2018:**

- ✓ Postvegen -vidare arbeid over Ørskogfjellet. Rydding og vedlikehald. Holane vasspostar
- ✓ Postvegmarsjen for 15. gong – eller?
- ✓ Driftsavtale for vedlikehald av Postvegen. Avtale med Statens Vegvesen står att. Kome i mål og setje planen ut i livet!
- ✓ Paktarhuset – drift og vedlikehald. Renovering innadørs pågår og må halde fram. Renovering av taket er høgt prioritert.
- ✓ Olav Oksvik stiftinga – ØH er sentral i denne. Registreringsarbeid. Finne lokale! Halde konferanse til hausten?
- ✓ Kvernhuset – vedlikehald – oppstart – eventuelle demonstrasjonar.
- ✓ Kraftstasjonen – overtaking frå Ørskog Energi A/S . Litt vedlikehaldsarbeid – årleg rydding Forefallande arbeid.
- ✓ Malmbana vedlikehald.
- ✓ Lokomobilen. Vedlikehald. Oppstart. Demonstrasjonar på Ørskogdagane o.a.
- ✓ Deltaking/markeringar med stand på Ørskogdagane.
- ✓ Årbok nr 28 – for år 2018. Innhald og arbeid. Namnedel også i 2018.
- ✓ Ørskogkalender - halde fram samarbeidet med Ørskog Rotary. Kalender for 2019.
- ✓ Gåver – jf. vedtekne retningslinjer for mottak av gåver m.m. - registrering/arkiv.
- ✓ Fotoinnsamling/registrering – vidare arbeid.
- ✓ Kulturminnedagane 2018: *Kulturminnedagene arrangeres i Norge for 25. år på rad 8. -16. september 2018. Temaet for årets kulturminnedager er «Typisk norsk – ikke bare norsk». Tematikken vil være med på å sette søkelyset på hva som definerer den norske kulturarven. Hva er norsk og hvordan har lokalsamfunnet påvirket og blitt påvirket i møte med verden, mellom folk og andre kulturer. Her kan man forme et kulturminnedagsprogram rundt for eksempel handel, matkultur, identitet, samferdsel og tradisjonshåndverk - (sitat).*
- ✓ Kveldseter med om lag seks arrangement pr. år – viktig møteplass!
- ✓ Bygdevandring – behovet/interessa for slike er klart til stades. Lande også i 2018.
- ✓ Medlemsverving. Eit alltid vedvarande arbeid! Medlemspleie.
- ✓ Kulturminneplan – samarbeid kommune og historielag. Ole Dreng-huset – ta kontakt med Storfjordens venner.om restaurering
- ✓ Andre typar arrangement.

## GRATULERER: Ørskog I.L. 100 år

2018: Det er 100 år sidan Ørskog I.L vart skipa – 24. februar 1918

Det er 50 år sidan NM i Løklibakken – mars 1968. Apropos biletet nedanfor!

100 år med mykje historisk stoff

Vi gratulerer ØIL med jubileet – og ønskje alt godt dei neste 100 åra!



FAKf-0436.00001

**Peder Mathias Pedersen Ørskog og kone Anna Petrine Petersdotter Lindset. Plassen Kraaen var bygsla av bruk gnr. 91.001 til bygsla gjekk ut 1914 etter søknad. Det fyrste våningshuset og løe stod nede ved sjøen, vart rive og fråflytta i 1887. Nytt våningshus og løe vart bygt opp ved den gamle postvegen ...**

**Kvinne, mann, våningshus, Ørskog, Kraaen 1890 – 1910**



FAKf-0432.223914

**Frå røysinga av stillaset for tillrennet til hoppbakken i Løklia i om lag 1963-64. Oppe på stillaset ser vi frå venstre, Bjarne Rønneberg, Kristian Søholt og Per Arne Gjerde. Nede i bakken ser vi Jon Lid og delvis skjult med ryggen til, Ole Peter Solnørdal. (Reg. Tore Gjære.) Hoppbakke, byggearbeid, arbeidsfolk, stillas, vinter,Ørskog, Løklia| 1963 - 1964**





### Ørskog Historielag 2017 – med fokus på:

- ✓ Ørskog historielag si årbok og namnebok i eitt – årbok nr 27!
- ✓ Paktarhuset – eit «minimuseum» - arkivstad – vedlikehald. Taket neste!
- ✓ Samarbeidspartnar for ein kulturminneplan i Ørskog.
- ✓ Utval og nemnder gjer eit jamt godt arbeid! Ørskogfossen kraftstasjon renovert.
- ✓ Postvegen – ei sentral oppgåve for laget. Haugsætra – Vestnes grense neste.
- ✓ Vellukka bygdevandring på Lande.
- ✓ Mange fine og godt besøkte kveldseter.
- ✓ Nemnda for fotoregistreringa gjer eit godt arbeid!
- ✓ Auke i medlemstalet – no over 300 – for første gong!
- ✓ Driftsavtale om Postvegen nesten på plass.

Frå styret rettast vi ei stor takk til alle som har arbeidd aktivt innan laget – eller har gjeve positiv støtte og respons til arbeidet i meldingsåret 2017.

Kvar årsmelding siste åra har med eit gammalt ord som vi finn på laget si internettside: ”Å gløyme fortida si, er å leve som ein bekk utan kjelde, som eit tre utan rot.”

Styret i Ørskog historielag år 2017.

Ragnar Bakken – skrivar –



*FAKf-100643.281695* Karl Olaus Sæter (1859-1949) i Kristiangarden på Olasætra likte på sine gamle dagar å sitje på stabburstrappa å kvile seg. Dette bilete vart teke i 1948, året før han døydde. (Registrert av Ole Øystein Nybø for Ørskog Historielag.)

Portrett, mann, hest, stabburstrapp, Ørskog, Sæter 1948 - 1948

